

Norsk Klimastiftelse  
Holmedalsgården 3  
5003 BERGEN

Dato: 06.09.2017  
Vår ref.: 2014/24656-71  
Saksbehandlar: gudmath  
Dykkar ref.:

## **KLIMAPLANENS HANDLINGSPROGRAM 2017. Tilsegn om tilskot inntil kr 250 000 til prosjektet Klimapartnerar - utrulling til fleire fylke**

Vi syner til brev frå Miljødirektoratet av 20.06.2017: Tilsagn - søknad om tilskudd til - Klimapartneretrulling til fleire fylke - Avtalenummer18010007.

Direktoratet skriv m.a.:

«Det vises til deres søknad om tilskudd av 15.02.2017 med referansenummer 17S3F683. Det er søkt om et tilskudd på kr 535 000. Miljødirektoratet gir med dette et tilsagn om senere utbetaling av tilskudd på kr 250 000. Tiltaket som gis tilsagn om tilskudd er Klimapartnerer - utrulling til fleire fylke.»

Vi viser til Fylkestinget sine vedtak 13.12.2016 i høvesvis PS 112/ Klimaplan for Hordaland – Handlingsprogram 2017 og PS 91/2016 Årsbudsjett 2017 / økonomiplan 2017-2020.

Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune forskoterer inntil kr 250 000 til prosjektet. Tilsegna vert knytt til tiltak 6.1 «Klimapartner Hordaland» i klimaplanens handlingsprogram for 2017.

Tilsegna gjeld til 31.12.2017.

### **1. PROSJEKTGRUNNLAG**

Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Bergen kommune og Klimapartner Agder søkte Miljødirektoratet om klimasatsmidlar til utrulling av klimapartnermodellen til fleire fylke. Føremålet er dra nytte av eigne erfaringar med etablering av klimapartneraskapen, og medverke til reduksjon av klimagassutslepp.

Ein sentral del av prosjektet er å frikjøpa prosjektleiarane i Agder og Hordaland slik at dei kan bruke ressursar på å hjelpe andre fylke. Prosjektet skal gjennomførast i samarbeid med Troms og Rogaland.

Miljødirektoratet skriv vidare i brevet:

#### **MILJØDIREKTORATETS VURDERING**

Hordaland fylkeskommune søker sammen med Bergen kommune og Aust-Agder fylkeskommune om kr 535 000 til utrulling av Klimapartner i flere fylker. Tiltaket går ut på å frikjøpe ressursar fra Klimapartner i Agder og Klimapartner i Hordaland i ett år, for at disse skal bidra til å rulle ut Klimapartner i andre fylker.

Miljødirektoratet ser at Klimapartner i Hordaland og Agder har gode resultater mht klimagassreduksjon i virksomhetene som deltar, og virker som et målrettet tiltak for grønn utvikling av samfunn og næringsliv. Vi ser også at oppmerksomheten fra andre fylker som vurderer tilsvarende tiltak er stor. Støtte til frikjøp av ressursar fra Hordaland og Agder vil bidra til effektiv spredning av modellen.

## OM FORHOLD TIL INNOVASJON NORGE

Innovasjon Norge bidrar antakelig med kr 50 000 i reisestøtte til spredning av nettverksmodellen. Fra Innovasjon Norges side er det, ifølge søknaden, ønskelig med flere Klimapartner-nettverk, men tilskudd til spredning utover reisestøtte er utenfor Innovasjon Norges mandat. Nye nettverk kan søke forprosjektmidler til bedriftsnettverk.

Miljødirektoratet støtter frikjøp av ressurser i Hordaland og Aust-Agder med 50% av kostnaden, inntil kr 250 000. Støtten skal gå til rådgiving og tilsvarende til fylker som har vedtatt (2 stk) og vurderer (5 stk) å opprette Klimapartner, herunder arbeid med informasjonspakke og opplæringsmaterieil til disse.

## RAPPORTERINGSKRAV

Rapportering skjer i søknadssenteret.

## AKSEPT OG UTBETALING

Frist for å akseptere tilsagnet er 1. september 2017. Tilsagnet aksepteres i søknadssenteret. Logg inn med samme bruker som leverte søknaden. Utbetaling skjer etterskuddsvis, på grunnlag av innsendte rapporter og regnskap.

Lykke til med arbeidet!

Denne avgjørelsen er ikke et enkeltvedtak og kan dermed ikke påklages, jmfør forvaltningsloven 2 første ledd bokstav a og b, jmfør fjerde ledd.

Følgende rapportering er en forutsetning for tilsagnet om tilskudd:

Leveres	Beskrivelse	Frist
Sluttrapport	Rapport med resultater, erfaringer og bekreftet regnskap	31.10.2018

Tilskuddet vil utbetales innenfor følgende plan:

Planlagt utbetalt	Beskrivelse	Beløp
201812	Utbetaling på grunnlag av innsendt regnskap og rapport	250 000

Tilsagnet er gyldig til 31.12.2018. Dersom rapportering som vist over ikke overholdes, bortfaller tilsagnet om tilskudd, og tilsagnsbeløpet vil da omdisponeres til andre formål.

Dersom forutsetningene for gjennomføring av tiltaket endres vesentlig eller bortfaller (teknisk/faglig, økonomisk eller framdriftsmessig), skal Miljødirektoratet underrettes umiddelbart.

Det gjøres oppmerksom på at Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen med hjemmel i bevilgningsreglementet kan iverksette kontroll av om tilskuddet er benyttet i samsvar med forutsetningene.

Vi gjør videre oppmerksom på at Miljødirektoratet helt eller delvis kan kreve et eventuelt utbetalt tilskudd tilbakebetalt dersom midlene ikke brukes i henhold til forutsetningene eller at forutsetningene for tilsagnet bortfaller.

Regnskapsbilag knyttet til gjennomføringen av tiltaket skal oppbevares i minst 10 år, eller i henhold til regnskapsloven, dersom din virksomhet er underlagt denne.

Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga har den 8. august 2017 akseptert tilsegna.

## 2. PROSJEKTORGANISERING

Prosjektansvarleg/tilsegnsmottakar: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga ved Sølve Sundbø  
 Prosjektleiar: Klimapartner Hordaland c/o Norsk Klimastiftelse, Bergen  
 Samarbeidspartner: Klimapartner Agder c/o Aust-Agder fylkeskommune, Arendal.

## 3. GODKJENDE KOSTNADER OG GODKJEND FINANSIERINGSPLAN

### Godkjende kostnader

Utføring av avtalt arbeid, frikjøp av prosjektleiar, refusjon av kostnader. Jf arbeidsplan.	kr	250 000
<b>Sum</b>	<b>kr</b>	<b>250 000</b>

### Godkjend finansieringsplan

Hordaland fylkeskommune, Klimaplan for Hordaland 2017: Forskottering av klimasatsmidlar	kr	250 000
<b>Sum</b>	<b>kr</b>	<b>250 000</b>

I tillegg kjem eigeninnsats frå Klimapartner Hordaland og Klimapartner Agder.

## 4. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Hordaland fylkeskommune har ved aksept av klimasatsmidlane forplikta seg overfor Miljødirektoratet. Tilsegnsmottakar forpliktar seg overfor dei same krava.
- Tilsegnsmottakar skal sette opp meir detaljert arbeidsplan og budsjett og sende desse til prosjektansvarleg innan 3 veker.
- Vesentlege endringar i arbeidsplanen i løpet av prosjektperioden skal snarast meldast til prosjektansvarleg.
- Tilsegnsmottakar pliktar å etablere nødvendige avtalar med samarbeidspartnaren om a) utføring av arbeid og b) utbetaling av midlar for utført arbeid og andre nødvendige kostnader. Inngått avtale skal sendast til prosjektansvarleg.
- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med prosjektplan slik den er godkjent av Miljødirektoratet.
- Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### Profilering

- I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert med klimasatsmidlar frå Miljødirektoratet som tilskot til Hordaland fylkeskommune.

### Rapportering

- Så snart prosjektet er avslutta og seinast innan 30.09.2018 **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport til fylkeskommunen. Dette gjeld for alle prosjekt.
- *Sluttrapporten* skal seie noko om:
  - ◊ Bakgrunn for prosjektet
  - ◊ Mål med prosjektet
  - ◊ Oppnådde resultat
  - ◊ Vurdering mot oppsette mål
  - ◊ Oppsummering av prosjektarbeidet (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon m. v.)
  - ◊ Eventuell vidareføring av prosjektet
  - ◊ Bekrefta rekneskap, jf. krav frå Miljødirektoratet.

### Utbetaling

- Tilsegnsmottakar må innan tre – 3 – veker signere og returnere standardvilkåra (vedlagt) saman med ein faktura i EHF-format pålydande kr 250 000,-.
- Hordaland fylkeskommune si elektroniske fakturaadresse er: 9908:938626367, aksesspunkt Visma. Vi ber om at fakturaen inneheld fakturateksten; Brev **2014/14656-71**. I feltet «Dykkar referanse» (som er eit obligatorisk felt i EHF-standarden Hordaland fylkeskommune nytter) skal det stå følgjande: **13031**.  
Dette for at dykkar faktura skal gå automatisk til rett mottakar.
- Meir informasjon: <http://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/innkjop-og-faktura/>

### Kontroll

- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

### Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

### 5. Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Gudrun Mathisen, [gudrun.mathisen@hfk.no](mailto:gudrun.mathisen@hfk.no), mob. 932 30 533.

Hordaland fylkeskommune ønskjer lykke til med gjennomføring av prosjektet.

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sondbø  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til: